



**FYLKESMANNEN
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 24.04.2014

Vår ref.: 2014/4753

Arkivnr.:

Time kommune
Postboks 38
4349 Bryne

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Varsel om forvaltningskontroll i Time kommune

Vi viser til brev datert 21.01.2014, der Fylkesmannen kom med informasjon om statlege tilsyn med kommunane i 2014. Av brevet kjem det fram at landbruksavdelinga hos Fylkesmannen skal gjennomføre ein forvaltningskontroll av Time kommune i løpet av våren 2014. Vi ønskjer med dette brevet å informere om kontrollen, samt å fastsetje dato for denne.

Bakgrunn for forvaltningskontrollen

Fylkesmannen har det regionale ansvaret for at tilskot på landbruksområdet blir forvalta og kontrollert i samsvar med overordna føresetnader og etter gjeldande lovar og reglar. I dette ligg det mellom anna at Fylkesmannen skal gjennomføre risikobaserte kontrollar av kommunane innan landbruksområdet.

Forvaltningskontrollen skal vere risikobasert, og vi har mellom anna valt å rette kontrollen mot kommunar som er store på jordbruk, og som årleg har store tilskotsutbetalingar. Då Time er ein stor jordbrukskommune, har vi valt å trekke ut Time som ein av kommunane for kontroll i år.

Heimel for kontrollen er forskrift 12.12.2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten, § 15.

Informasjon om kontrollen

Som tema for kontrollen vil vi sjå nærare på forvaltninga av regelverket knytt til produksjons- og avløysartilskot. I tillegg kan tema som driftsfellesskap og reaksjonar ved avvik vere relevant. Vi vil og sjå på korleis kommunen forvaltar ordninga med RMP (regionalt miljøprogram).

Vi vil i god tid før avtalt dag kome tilbake til meir detaljar rundt aktuelle tema og kva vi ønskjer at kommunen har klart i forkant av sjølv kontrollen.

Gjennomføring av kontrollen vil skje i løpet av ein dag med følgjande agenda:

09:00-09:30 Formøte - informasjon om kontrollen, føremål, grunnlag og omfang

09:30-14:00 Intervju og gjennomgang av dokument

14:00-15:00 Sluttmøte - oppsummering av funn frå undersøkinga

Fylkesmannen ber om at det blir lagt til rette for intervju med fagansvarleg for landbruk og sakshandsamarar. I tillegg er det eit ønskje at rådmann/kommunalsjef har høve til å delta på formøtet og sluttmøtet.

Frå Fylkesmannen vil landbruksdirektør Hadle Nevøy eller assisterande landbruksdirektør Geir Skadberg møte i tillegg til to saksbehandlarar på produksjonstilskot og ein saksbehandlar på RMP.

Forslag til dato for kontrollen

Vi har fire forslag til datoar for kontrollen;

- 10. juni 2014
- 11. juni 2014
- 13. juni 2014
- 19. juni 2014

— Vi håpar at ein av desse datoane passer, og ber om tilbakemelding på dato innan 30.04.2014.

Ta kontakt om det er spørsmål om gjennomføring av kontrollen.

Med helsing

Geir Skadberg
ass. landbruksdirektør

Sissel C. Endresen
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Sissel C. Endresen
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 60
E-post: fmrosce@fylkesmannen.no